**DEN NORSKE KYRKJA**
Møre bispedømmeråd

KR - Felles arkivenhet
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

Dato: 25.04.2022 Vår ref: 22/00789-3 Dykkar ref:

# Høyringssvar om reglar for val av sokneråd og leke medlemmer til bispedømmeråd og tilhøyrande endringar i kyrkjepordninga

Vi viser til høyringsbrev datert 07.02.2022 der Møre bispedømme blir beden om å sende inn høyringssvar. Takk for høve til å få handsame saka i møte 25.04.22 og for utsett frist for sende innhøyringssvar. Møre bispedømme har handsama saka i sak **26/22** og fatta samrøystes vedtak slik det går fram av saksorientering og vedtak under: Endringar i møtehandsaminga er innarbeidde i svar under. Elektronisk høyringssvar er sendt inn.

## 1 Endringar i kyrkjeordninga

**Avsnitt 1.1 (om overføring av røysterett til anna sokn enn der ein er busett)**
Støtter du/dere forslag til endring i § 6 i kirkeordningen? **Ja** / Nei / Vet ikke / Ingen mening.
Har du/dere merknader til dette spørsmålet?
**ingen merknad**

**Avsnitt 1.2 (om talet på varamedlemmer til soknerådet)**
Støtter du/dere forslag til endring i § 9 i kirkeordningen? Ja / **Nei** / Vet ikke / Ingen mening.
Har du/dere merknader til dette spørsmålet?
**Mange sokneråd, ikkje minst sokneråd der talet på medlemmer i rådet er 4 eller 6, brukar varemedlemer i rådet til andre viktige verv og tenester i soknet. Såleis er det ikkje urimeleg at sokneråd med få medlemer ønskjer å vidareføre ordninga med at det blir valt 5 varamedlemer. Det kan virke rekrutterande i nominasjonsprosessen at ein slepp å stå på fast plass på vallista.**

## 2 Kyrkjevalreglane – oppfølging av vedtak frå KM 2021

**Avsnitt 2.1**
Støtter du/dere forslaget om at valg av nominasjonskomité kan skje i digitalt møte?
**Ja** / Nei / Vet ikke / Ingen mening.

Støtter du/dere forslaget om å regelfeste at menighetsrådene og ungdomsrådet i

Postadresse: Moldetrappa 1 6415 MOLDE
E-post: more.bdr@kirken.no Web: Org.nr.:818 066 872
Telefon: +47 71250670 Telefaks:
Sakshandsamar Arvid Helle +47 71250670

bispedømmet utfordres til å innhente forslag til kandidater til både Nominasjonskomiteens liste og nomineringsgruppenes valglister?
**Ja** / Nei / / Jeg/vi mener at menighetsrådene bare skal foreslå kandidater til Nominasjonskomiteens liste / Vet ikke / Ingen mening.

Hvilket alternativ støtter du/dere til for regulering av tillitsvalgt for Nominasjonskomiteens liste?
Alternativ 1 / **Alternativ 2** / Ingen av dem / Vet ikke / Ingen mening.

Støtter du/dere forslaget om å presisere at Nominasjonskomiteen fastsetter spørsmål som forelegges kandidatene om kandidatenes syn på aktuelle kirkelige spørsmål, men at Nominasjonskomiteens listes tillitsvalgte har ansvar for eventuell publisering av disse svarene? **Ja** / Nei / Vet ikke / Ingen mening.

Hvilket alternativ støtter du/dere til reguleringen av den økonomiske støtten til Nominasjonskomiteens liste? Alternativ 1 / **Alternativ 2** / Annen løsning / Vet ikke / Ingen mening. Merknadsfelt.

Har du/dere merknader til organiseringen av Nominasjonskomiteens liste ved valg leke til bispedømmeråd og Kirkemøtet? Kom gjerne med konkrete forslag.

**Bispedømmerådet støtter ei ordning der nominasjonslista sine tillitsvalde disponerer listestøtta og bestemmer korleis støtta ein skal dele mellom nasjonale tiltak, bispedømmetiltak og individuell profilering av listekandidatar.**

**Avsnitt 2.2**
Støtter du/dere forslaget om felles nasjonale tidspunkt for forhåndsstemming? **Ja** / Nei / Vet ikke / Ingen mening.

Støtter du/dere forslaget om at valgstyret skal legge til rette for forhåndsstemmegivning etter en gudstjeneste minst én søndag i perioden for forhåndsstemmegivningen.? **Ja** / Nei / Vet ikke / Ingen mening.

Støtter du/dere forslaget om at valgstyret skal legge til rette for forhåndsstemmegivning minst to timer i uken? **Ja** / Nei / Vet ikke / Ingen mening.

Har du/dere merknader til reglene om forhåndsstemmegiving?
**Forenkling er eit mål i gjennomføring av kyrkjevalet. Sams nasjonale tidspunkt for førehandsrøysting forenklar kommunikasjon og regelverk. Når ein også legg godt til rette og informerer nasjonalt for digital førehandsrøysting, trur bispedømmerådet at valdeltakinga ved førahandsvalet vil auke. I tillegg rår bispedømmerådet til at det også blir lagt til rette for førehandsrøysting etter minst ei gudsteneste i kvart sokn.**

**Avsnitt 2.3**
Støtter du/dere forslaget til endring i bestemmelsen om supplerende nominasjon ved valg av menighetsråd? **Ja** / Nei / Vet ikke / Ingen mening.
Har du/dere merknader til dette spørsmålet?

Støtter du/dere forslaget til paragraf om valgpresentasjon ved valg av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kirkemøtet? **Ja** / Nei / Vet ikke / Ingen mening.
Har du/dere merknader til dette spørsmålet?
**Bispedømmerådet støttar ei ordning som gir listene ansvar for å informere om eige program og eigne kandidatar. Bispedømmerådet støttar at valrådet sitt ansvar blir avgrensa til å gi ein kortfatta CV-basert presentasjon av kandidatane på dei ulike listene. (slik kyrkjemøtekomiteen 2021 føreslo.)**

## 3 Andre endringar i kyrkjevalreglane

**Avsnitt 3.16**
Støtter du/dere forslaget til nye frister? **Ja** / Nei / Vet ikke / Ingen mening.

Har du/dere merknader til forslag til nye frister?
**Bispedømmerådet vil av pedagogiske og kommunikasjonmessige grunnar gi si støtte til forslag om å innføre felles fristar med andre kyrkjelege val og med kommuneval.**

Har du/dere merknader til de andre spørsmålene behandlet i kapittel 3?
**Bispedømmerådet går inn for at det ikkje blir opna for at ein på valdagen kan gi stemme annan stad enn i stemmekretsen ein er busett, uavhengig av om soknegrense og stemmekrets ikkje er samanfallande.**

Har du/dere andre merknader til arbeidet med kirkevalgreglene
**Reglane som regulerer dei ulike kyrkjevala, og som skil kyrkjevala frå kommuneval, skapar pedagogiske utfordringar for mange, både hos dei som skal stemme, valfunksjonærane som skal rettleie dei røysteføre og når stemmene skal teljast opp.**

**Bispedømmerådet trur at tilbod om digital førehandsrøysting og innføring av nasjonale reglar for førehandval, vil auke talet på dei som stemmer ved kyrkjevala. Bispedømmerådet trur at forenkling i gjennomføring av valet på valdagen også vil bidra til at færre stemmer blir forkasta, og at fleire finn vegen til sitt eige vallokale. Bispedømmerådet vil rå til at valrådet tar ansvar for ein einsarta avgrensa presentasjon av vallistene, men stiller seg bak ønsket om at listene og listekandidatane i større grad profilerer eige valprogram. Slik vil oppslutninga om kyrkjevalet auke.**

### Vedtak
Møre bispedømmeråd vil arbeide for digitalisering og forenkling av kyrkjevalet. Rådet trur at sams nasjonale reglar og digitalt førehandsval vil forenkle gjennomføring og oppteljing og auke talet på dei som stemmer ved valet. Svar i dei ulike høyringsspørsmåla reflekterer ei slik overordna tilnærming.
Møre bispedømmeråd gir høyringssvar slik det går fram av framlegg i saksutgreiing og dei endringar som møtehandsaminga gjorde vedtak om.

Med helsing

Bjørn Olaf Storhaug
stiftdirektør

Arvid Helle
leiar kyrkjefagavd.

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Mottakarar:

| | | |
|---|---|---|
| KR - Felles arkivenhet | Postboks 799 Sentrum | 0106 OSLO |
| KR - Avdeling for kirkefag og økumenikk | Postboks 799 Sentrum | 0106 OSLO |